# TUSEN TAKK TIL ALLE GODE MEDHJELPARAR!

Vil med dette retta ei stor, stor takk til **den enorme dugnads-innsatsen** som **foreldre på skulen og i barnehagen** gjorde saman med vaktmeisteren forrige lørdag og søndag, for å få opp dei to store leikeapparata som no er på plass på Austebygd! Eg vart både takknemleg og svært glad på barnehageborna og elevane sine vegne, då eg kom tilbake etter ferieveka mi og såg at alt var montert og i full bruk! Imponerande rett og slett!





Vil også retta ei veldig stor takk til **kyrkjegardsarbeidarane og vaktmeisteren** for det store arbeidet dei har gjort i forkant og etterkant av foreldra sin flotte dugnadsinnsats!
Her har me hatt eit supert samarbeid og ein kjempestor innsats frå mange partar, som verkeleg viser igjen, og vil vera til glede for barnehageborna og elevane i årevis framover!

Takk også til dei som stilte seg positive til søknaden vår om nye leikeapparat, bevilga pengane - og til driftseininga som har vore så velvillig i å prioritera kommunen sine tilsette til å få gjort dette arbeidet på Austebygd!



På vegne av alle takknemlege og glade, små og store, på Austebygd

*Torunn Tolleshaug Hovden*